

Fra: Tonje-Lill Heskestad Thorgersen <tonjelill.ht@gmail.com>
Sendt: tirsdag 22. mars 2022 13:05
Til: Post Alver byggesak
Emne: Re: førehandskonferanse - gbnr 323/203
Vedlegg: image001.png

Hei,

Er det noko framgang i saka vår? Vi ønsker veldig gjerne ein førehandskonferanse så fort det er mogleg :-
)

ons. 9. feb. 2022, 12:08 skrev Post Alver byggesak <byggesak@alver.kommune.no>:

Hei

Førespurnaden om førehandskonferanse er registrert i kommunen sitt post-/sakssystem, og har fått saksnummer 22/957.

Du vil bli kontakta når saka har blitt tildelt saksbehandlar.

Vennleg helsing

Anne Lise Molvik | Rådgjevar byggesak

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



Frå: Tonje-Lill Heskestad Thorgersen <tonjelill.ht@gmail.com>

Send: mandag 7. februar 2022 20:43

Til: Post Alver byggesak <byggesak@alver.kommune.no>

Emne: Re: Påbygg/tilbygg

Hei,

Eg har bestilt førehandskonferanse via Alver kommune sine nettsider, men ikkje fått noko bekrefting eller svar ang dette. Derfor vart eg usikker på om søknaden var gått igjennom?

Venleg helsing
Tonje-Lill Heskestad Thorgersen

fre. 7. jan. 2022, 09:18 skrev Tonje-Lill Heskestad Thorgersen <tonjelill.ht@gmail.com>:

Den er grei, tusen takk for hjelpen!

fre. 7. jan. 2022, 09:01 skrev Post Alver byggesak <byggesak@alver.kommune.no>:

Hei,

Du kan ta fleire forhold opp på møtet. Fint om du gjer greie for det du vil ha avklart i møtet i førespurnaden og legg ved skisser.

Vennleg helsing

Anne Lise Molvik | Rådgjevar byggesak

Telefon: 56 37 56 40

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no

Frå: Tonje-Lill Heskestad Thorgersen <tonjelill.ht@gmail.com>

Send: tirsdag 4. januar 2022 11:00

Til: Post Alver byggesak <byggesak@alver.kommune.no>

Emne: Re: Påbygg/tilbygg

Tusen takk for tilbakemelding!

Vi vel nok å booke ein sånn førehandskonferanse vi då, før vi kontaktar byggmester og får hjelp med teikningar. Er det mogleg å sjå på fleire ting på dette møtet? Vi ønsker òg å bygge om garasjen. Men dette berører ikkje naboen og nabogrensa, slik som tilbygget gjer.

Venleg helsing
Tonje-Lill Heskestad Thorgersen

man. 3. jan. 2022, 13:47 skrev Post Alver byggesak <byggesak@alver.kommune.no>:

Hei,

Tilbygg/påbygg nærmare enn 4m frå nabogrensa krev enten

- samtykkje frå nabo jf. pbl. § 29-4 tredje ledd bokstav a
- eller
- søknad om dispensasjon frå pbl. § 29-4 andre ledd

Når det kjem til oppføring av påbygg krev slike tiltak føretak med ansvarsrett (eksempelvis byggmester) jf. pbl. § 20-3. Tiltakshavar kan i nokre tilfelle bli godkjent som sjølvbyggjar jf. byggjesaksforskrifta § 6-8, dersom tiltakshavar gjennom søknad sannsynleggjer korrekt utføring eksempelvis gjennom eigen utdanning/praksis, eller ved bruk av ein medhjelpars utdanning/praksis.

Søknadsskjema sjølvbyggjar:

https://dibk.no/globalassets/blanketter_utfillbare/alle-blanketter/5184-soknad-om-personlig-ansvarsrett-som-selvbygger_2017.pdf

Er dykk usikre på dette med tryggleik anbefalast bruk av ansvarleg føretak. Det er byggteknisk forskrift (TEK17) som stiller minstekrav til byggverk. Kommunen gir ikkje rettleiing knytt til TEK17.

Er dykk usikre på søknadsprosessen, eller korleis eit tiltak står seg i forhold til plan- og bygningsloven, byggjesaksforskrifta og aktuelle planer, kan førehandskonferansen nyttast til dette. I så fall held det med grove skisser som viser plassering, avstand frå nabogrense, tiltakets høgde og liknande.

Håper dette var avklarande.

Vennleg helsing

Byggesaksvakt

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no

Fra: Tonje-Lill Heskestad Thorgersen <tonjelill.ht@gmail.com>

Sendt: søndag 5. desember 2021 21:46

Til: Post Alver byggesak <byggesak@alver.kommune.no>

Kopi: Petter Thorgersen <petterthorgersen@gmail.com>

Emne: Påbygg/tilbygg

Hei,

Vi har det siste året kjøpt og renovert eit hus i Galtenesvegen. Huset har eit tilbygg (éin etasje) som i dag fungerer som bod. Vi ønsker å gjere dette om til boareal, og bygge på ein etasje på dette. Resten av huset er òg to etasjar.

Vi veit at tilbygget ligg under 4 meter frå nabogrensa, og lurar på korleis vi går fram med heile prosessen. Det er i tillegg usikkert om det er forsvarleg å bygge på tilbygget som står der allereie, eller om den beste og tryggaste løysinga er å rive tilbygget og bygge alt på nytt. Vi veit at naboen vår ikkje ønsker at vi bygger på dette tilbygget, og vi ønsker å finne ei god løysing for både dei og oss.

Bør vi be om ein førehandskonferanse for å få vidare hjelp? Ser at det då er ønska at vi sender inn skisser/teikningar. Meiner de då tekniske teikningar, eller grove skisser?

Vi er usikker på korleis vi skal gripe fatt i dette. Kva vi skal starte med. Håper de kan hjelpe oss.

Venleg helsing

Tonje-Lill Heskestad Thorgersen og Petter Thorgersen